

FAU MØTE onsdag 6. april kl:19.00, på Sagvåg skule.

Oppmøte: Rektor Lars Bakka, Solveig Hjøllø Sleen, Ingjerd Helle Lorensen, Leiar; Anne Britt Melkevik Dahle, Svanhild Hermansen, Egil Våge, Skrivar; Jenny Anita R. Nytrøen.

SAK 1. Trafikksituasjonen ved Sagvåg skule.

Det er halden teljing av bilar ved skulen. Kvar morgon svingar ca.40 bilar innom.

Det er foreslått ulike straks-tiltak for å betra på situasjonen:

A.- Sperre all innkøyring til skulen mellom t.t. 07.00-16.15 klokkeslett.

B.- Sperre for trafikk lenger enn til ballbingen.

C.-Sette av elevane ved busslomma.

D.-Oppmode foreldre til IKKJE å køyre borna til skulen.

E.- Elevrådet har foreslått å lage rundkøyring nedafor ballbingen. Rektor har laga teikning, og sendt forslaget vidare til kommunen. Denne løysinga vil nok ta litt tid å få gjennomført, men FAU fekk sjå teikninga og synest det er eit bra forslag.



Kommunen har ein eigen trafikksikringsplan, som Sagvåg skule jobbar for å bli ein del av.

SAK2. Innsparingar i Stord kommune- ekstraordinær budsjettrevisjon 2011.

Stord kommune må spare30.millionar kr., og kuttar det dei klarar i budsjettet. For Sagvåg skule kan dette føre til at:

Nysæterbasenget kan stenge - ingen bading til hausten. Kommunen tapar tippemidlar på dette, så det blir vonleg berre stengt eit halvår.

Biblotekfilialen på Litlabø kan bli lagt ned. Da mister elevane turane dit, og moglegheita for å låne bøker der.

Styrkingstimar vil i liten grad, eller ikkje bli ramma, da desse ofte er lovpålagt, og skulen ikkje vil bryte lova og ta vekk noko som er lovpålagt:

Opplæringslova § 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

Eventuell nedlegging av Litlabø skule; vil få ringverknader for både Sagvåg og Tjødnalio skule, som begge har status som "mottaksskular" i denne prosessen. Usikkerheten på Litlabø har allereie ført til at 6. årstrinnsklassingar frå Litlabø kretsen, vel å byrja på Sagvåg skule til hausten. Det står att berre to ledige plassar i 1.kl. Sagvåg 2011. Sagvåg skule er berre bygd for ein klasse på kvart steg med max 28. elevar på kvart trinn. Heilt fulle klassar på alle trinna, vil stresse plassen, og gjere romdelinga svært vanskeleg. Sagvåg skule har ikkje plass til alle Litlabø-elevane på alle klasse trinna. Ei eventuell nedlegging av Litlabø skule vil gi plassproblem på Sagvåg skule, og gi store utfordringar til ny skulekrets inndeling, som kan bli vanskeleg for lokalsamfunnet.

FAU skal sende brev til politikarane om konsekvensane for Sagvåg skule, og problema/utfordringane ved dette. Leiar, Anne Britt, lagar utkast til brevet og sender rundt på e-post, for gjennomsyn av foreldrekontaktane. FAU ved både Litlabø og Tjødnalio skular har sendt brev, og har bedt oss om å gjere det same.

SAK3. Brannen på skulen.

Rektor informerte om brannen; varsling, slukking og opprydding. Alle utvendige søppelbøtter er nå fjerna. Det er vitne i saka, og politiet vil gjerne snakke med to ungdommar som vart sett på steden.

SAK 4. 17.mai.

17 mai komiteen ynskjer kjøpa inn blomar og urner til dekorering på skulen 17.mai. FAU synest det er ein god ide. Dei kan bruka av 17.mai kontoen.

Nå er det 6. og 7. klasse som har ansvar for 17.mai feiringa. Det kom forslag om å endre dette til 5. og 6. klasse frå neste år. Forslaget ble vedtatt. Det vart og bestemt at 7.klasse får ansvar for å arrangera sommarfesten.

Svanhild delte ut dommar-skjema for 17.mai toget til foreldrekontaktane i 1-4 klasse. (første klasse var ikkje til stades.) Og minna om å gi beskjed vidare til alle som har oppgåver i klassane, så dei er obs. på det, og evt. Finn vikar.

SAK 5.Info faldar om FAU.

Ansvarsfordelinga til dei ulike klassane kjem i ny info. faldar om FAU. Rektor har laga faldar og delt ut til FAU. Han lagar ny med endringane til neste år. Når det blir valt ny foreldrekontakt i klassen, må førre kontakt hugse å levera faldaren vidare til dei ny-valte.

Ref. Jenny Anita R. Nytrøen.